

Årsrapport 2012



Instedalen

Bygdeutviklingsprosjektet i Instedalen

Årsrapport bygdeutvikling 2012

I 2012 har hovedstyret i BU Instedalen hatt 7 styremøter. Styret har sett ned arbeidsgrupper til dei forskjellige prosjekta, der det og har våre stor møteaktivitet.

Prosjektarbeid:

Trimrom:

Arbeidsgruppa består av Janne L Svorstøl, Vivian Lykkebø og Arne Kjartan Sunde.

Det er laga tre forslag til ombygging av garderobeanlegget i den nedlagte grendaskulen til trimrom. Arne Sunde har rekna utgiftene til om lag 417.000 – dette er pris utan dugnad.

Det vart kalla inn til eit ekstraordinært årsmøte den 17. januar 2013, der det vart lagt fram meir detaljert informasjon om ombygging, drift osv. Det var henta inn opplysningar om erfaring som Kvammen har gjort med liknande prosjekt, og to representantar derifrå vart med på møtet. I tillegg var folkehelsekoordinator Turi Bruland med på møtet. Arbeidsgruppa har på dette møte fått løyve frå bygda til å bygge om garderobeanlegget, vi har og fått løyve frå Naustdal kommune som er huseigar. Arbeidsgruppa vil jobbe vidare med søknadar om midddlar til finansiering av trimrommet.

Merking av turstiar og Skilting av gards og grendavegar

Arbeidsgruppa består av Norodd Bruflot og Arne Dvergsdal.

Turstiar:

Det har vore jobba med og finne ut kva turstiar ein skal rydde og merke.

Heimesida Instedalen.no vert brukt for og få inn gode forslag frå bygda.

Det er ynskje om merking av veg til Sandfjellet, frå Øygaard, Svein Svorstøl har tatt på seg jobben med tanke på merking av vinter rute.

Skilting av gards og grendavegar :

Heimesida Instedalen.no vert brukt for og få inn innspel frå bygda.

Forslag til skilt: trykkimpregnert tre med bokstavar fresa inn og måla svart, er det einaste Statens vegvesen gjer løyve til. Folk får seie si meining om dette på krinsmøtet 17. januar, der det vert orientert om også denne saka.

Arbeidsgruppa jobbar no vidare med søknadar for finansiering av prosjektet.

Instiade

Arbeidsgruppa består av Åsmund Berthelsen og BU styret.

Instiaden – mykje folk og stor aktivitet! Både små og store ungar gjekk, rann og hoppa på ski, og dei aka. Mange av dei vaksne gjorde set same. Alle kosa seg med maten som Von 4H selde frå sitt eige bålhus som vart offisielt opna same dagen. Folk såg ut til å ha det svært kjekt i Instedalen

skianlegg då Instiaden på nytt vart arrangert.

Instiaden var eit arrangement som kom etter ide frå skulen og vart arrangert av lærarar og elevar på Instedalen skule. Det vart diverre slutt på Instiaden då skulen vart lagt ned. Mange sakna dette årlege vinter arrangementet inst i Naustedalen. Dette tenkte vi i bygdeutviklingsstyret for Instedalen at vi ville gjere noko med. Vi fekk med oss Åsmund Berthelsen i Instedalen ski anlegg BA til å planlegge og gjennomføre Instiaden på nytt.

Og slik vart det. Laurdag den 25.02.2012 tok mange turen til Instedalen og vart med på å ta opp att tradisjonen. Vi delte ut over 100 aktivitetskort. Både vaksne og ungar hadde som mål for dagen å gjennomføre alle dei 12 aktivitetane på kortet, stor og lita kuleløype, slalåm, portal- eller klokkelåm, langrenn, aking, hopp i sjumetersbakke, skiskyting orgeltramp – eller trampelåm, tunnelloype, uvyrdslåm og skogsløype. Dei kunne gjere det når dei hadde lyst og fekk kryss for kvar aktivitet som var gjennomført. Med minst seks kryss på kortet vart det medalje og diplom. I tillegg til desse frie aktivitetane var det konkurranse i hopp, kulekøyning og aking. Langrenn gjekk på idealtid, hopp på lengde og stil og kulekøyning og aking på tid.

Etter avslutta aktivitetar i ski anlegget var det kafe, eller det som no vert kalla «after skiing» på Instedalen skule. Her serverte Instedalen bygdekvinnelag god betasuppe og ei variert utval av kaker. Gymsalen var full då det vart delt ut både heimelag diplomar og heimelaga medaljar. Som den gongen skulen sto for Instiaden var medaljene av tre der det var svidd inn Instiaden 2012. Førsteplassane i aldersklassane i dei fire konkurransane var strikkahuer med Instiaden 2012 på, strikka av fem driftige damer i Dalen.

Instiaden skulle vere eit arrangement der alle hadde lov å leike seg. Det skulle vere ”låg terskel” og ”høgt under taket”. Dette meiner vi at vi klarte. Med så bra oppmøte, så god aktivitet og så mange gode tilbakemeldingar, vert det arrangert Instiade også i 2013, den vert laurdag 23. februar.



Styggelia

Arbeidsgruppa består av: Ståle Fimland, Magnar Espeland (grunneigar) og Aril Herstad (grunneigar).

Bygdeutviklingsprosjektet skal jobbe med å bygge opp ein utkiksplass / rasteplass og diverse aktivitet i Styggelia, t.d. zip-line, via ferrata, rappelering samt merking av kulturminne og turstiar. Grunneigarar har i møte sagt seg positive til vidare planer, og fleire partar arbeider med saka. Bjørn Are Vollstad jobbar med å visualisere prosjektet.

Prosjekt Naustedalen v/ Therese Helland arbeider med tilbod om guida turar + overnatting, gjeld først og fremst sommarsesong – Styggelia kan bli ein av attraksjonane.

Strengbru

Arbeidsgruppa består av Ståle Fimland, Tordis Andal (grunneigar) og Vegard Slettemark (rep. grunneigar)

Naustdal kommune og Otto Eikesund har føretatt oppmåling av brukara.

Otto Eiksund teiknar og bereknar materiale, dette skal vurderast av NVE med omsyn til flaum og is ras. Bjørn Are Vollstad har utarbeidt ei teikning der ein brukar kunst av Kjartan Slettenmark so ein del av bru installasjonen.



Slettemarksenter:

Arbeidsgruppa består av Britt Slettemark, Jonny Følling og Åsmund Berthelsen.

Arbeidsgruppa har i møte med Ann-Lisbeth som er kulturkonsulent ved Naustdal kommune, snakka laust og fast omkring kunst og kultur i Naustdal.

M.a. tenkjer ein seg ei kunst-/kulturløype gjennom bygda / kommunen, med ein eller fleire ”ting” / stasjonar i Instedalen der Kjartan sin kunst vert presentert. Det vert jobba vidare med Domus Kjartania.

Landskapsvernsenter:

Representatar frå BU styret Instedalen har vore på fleire møter med styret for landskapsvernområdet.

Det skal etablerast eit landskapsvern senter – Naustdal kommunen ynskjer at dette blir lagt til Naustdal, som då ville bli ein pilotkommune. Dette ynskjer vi i BU og jobbe aktivt for, ilag med Naustdal kommune.

Logo:

Vi hadde ute ein konkurranse på forslag til logo for Instedalen.

Fekk inn mange gode idear på kva ein burde ha med i logoen, tok så kontakt med Knut Are Vatne som jobbar i AD/Graphic designe og sendte over alle forslaga som var komme inn samt ein liten beskriving av Instedalen. Vi fekk vere med i gjennom heile prosessen på den måten at han sendte forslag, og vi fekk kommentere etter kvart. Resultatet vart slik:



Mesteparten av forslaga som kom inn under konkurransen, kom frå Von 4H. Vi valte derfor og gje dei heile premiepotten på kr 1500,- for bidraget deira. Denne overrekte vi på Von 4H sin årlege haustfest 26.09.12.